

BOKN BYGÐABLAD

NR. 3 - APRIL 1992 - ÅRG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKN VIL INVESTERA I BUSTADER

Bokn formannskap har vedtatt at det skal setjast ned utval som skal vurdera behov for trygdebustader i kommunen. Utvalet skal også vurdera iverksetjing av tiltak som kan gjera det muleg for eldre å bu lengre i eigen bustad, og vurdera behovet for fleire leiligheter/rom ved sjukestova.


Utvalet skal vidare vurdera driftsfunksjonar og arealbehov ved Bokn sjukestove.

Det er også sett ned eit utval som skal laga til ein bustadpolitisk strategiplan som m.a. skal sjå på kva ein kan gjera for at ungdom lettare skal kunna etablera seg med bustad i kommunen.

Bakgrunnen for arbeidet er at det i budsjettet for 1992 vart sett av midlar til desse

føremåla. Bokn kommune har såleis vedtatt at noko må gjerast på dette området. Også tidlegare har det vore planlagt trygdebustader, men desse vart ikkje realiserte.

Med omsyn til eldreomsorga vil ein nå ta opp situasjonen i ein større samanheng, og i tillegg sjå på heile drifta. Sjøl om drifta hart gått greit til nå, er det fleire behov som den siste tida har meldt seg. M.a. viser det seg at det er fleire eldre over 80 år i kommunen enn det prognosane i helse- og sosialplanen gjekk ut frå. Dermed ser det ut til å bli eit større behov for sjukeheimspllassar og trygdebustader. I tillegg har ein nå etter nokre års drift av sjukeheimen funne at det er visse behov her som ikkje er tilgodesett. Dette vil nå bli gjennomgått.



Teikningar av trygdebustadene som vart planlagde i 1989.
Desse vart ikkje realiserte.

NYTT FRA SKULESTYRET OG BARNEHAGENEMNDA

Det er sjeldan skulestyret har tilhøyrarar. På møtet 5. mars hadde imidlertid fleire foreldre funne vegen til møtet. Det var sakene om bruken av rammetimetalet og klassedelinga som vakte interesse. Skulestyret vedtok klassedeling med 8 klassar, men utan å seie korleis klassane skal slås saman.

Av vedtaket om fordelinga av rammetimetalet går det fram at det blir ein del endringar i høve til inneverande skuleår. (Dei fleste endringane skuldast at rammetimetalet er redusert tilsvarande ei heil lærarstilling frå hausten av, og timetalet til spesialundervisning er oppjustert.):

- Det blir samanslåing av årssteg i tilsaman ca 33 veketimar. Det er ein del meir enn inneverande år. I faga norsk, matematikk og engelsk blir likevel årsstega stort sett undervist kvar for seg.

- Symjinga blir redusert til det halve.

- Bibliotektenesta (skulebiblioteket) blir redusert med 2/3.

- Rettleiringstimetalet som gjeld forebyggande arbeid mot alkohol/narkotika er tatt bort.

- Timetalet til spesialundervisning er auka med om lag 25 veketimar.

- Timetalet til valfag på ungdomssteget er redusert litt. Det er elles fjerna timar til miljørettleiring. Det er ikkje avsett timar til nyorganisering av læremiddelsamlingane ved skulen. Og rådgjevartenesta er redusert med 1/3.

Barnehagenemnda har vedteke framlegg til nye vedtekter for barnehagen. Endringane er mindre justeringar samstundes som ein også vil opne for å kunne dele avdelinga for 0-5 åringane i ein heildags- og ein halvdagsavdeling. Ei slik deling vil gjere organiseringa av dagen betre for barna, og gje fleire barnehageplassar. Med ei slik deling vil alle som har søkt plass til hausten kome inn. Barnehagenemnda vil ha opprettinga av ny avdeling som sak i ekstra barnehagenemndsmøte 25. mars og kommunestyret vil ta stilling til saka 28. april.

Neste ordinære møte i skulestyret/barnehagenemnda blir 9. april. Sakslista er ikkje klar i skrivande stund, men ein reknar med at mellom anna følgjande saker kjem opp: Skuleruta for 1992/93, justering av valfagordninga for ungdomssteget, og rammetimetalet etter 1992/93.

Dag Halvorsen

GRENDAHUS :

FORMANNSKAPET GIR POSITIVE SIGNAL

Bokn formannskap drøfta i møte den 24. mars saka frå kulturstyret om byggjing av rendahus i Bokn.

Formannskapet gir i sitt vedtak positive signal til kulturstyret i Bokn om å arbeida vidare med saka, og løvvde kr. 10.000,- til førebuande arbeid med saka.

Det kom likevel klårt fram at det må føreliggja eit godt dokumentert behov for rendahus dersom det skal bli aktuelt å gå vidare med saka. Formannskapet gjorde det klårt at lag og organisasjonar i bygda må vera dei som er pådrivarar i denne saka, og at

det vil bli sett krav om eigeninnsats frå desse viss kommunen skal koma inn og støtta saka vidare.

Formannskapet ber nå kulturstyret om å få med seg representantar frå lag og organisasjonar til å undersøkja m.a. behov for rendahus, bruksområde, lokalisering, kostnad/finansiering, aktuell dugnadsinnsats, driftsform m.v. Midlane som kulturstyret har fått til disposisjon skal m.a. brukast til å få svar på desse spørsmåla. Det kan såleis m.a. bli aktuelt å reisa til andre bygder og sjå på korleis dei har realisert liknande prosjekt.

BLINKSKOT FOR POMPEL & PILT

Då "Blink-kjøp" - katalogen gjekk ut til alle husstandane i landet i første del av april, gjekk også startskotet for den telefonstormen som kom på A & O VIDEO sin ordre telefon. Olav Rossebø i video firmaet seier til bygdabladet at høgdepunktet var mandag den 9. mars, då dei mottok 130 telefonar pluss 50 bestillingar pr. post.

Til nå har ca 1650 personar skrive eller ringt for å kjøpa POMPEL & Pilt T-skjorte eller video. Ingen andre firmaer har i dag lov å selja effekter som har tilknyting til POMPEL & PILT.

Sjøl nå når det er ca ein mnd. etter dei første reaksjonane på annonsen, er det dagleg opp i 20 - 30 bestillingar. A & O VIDEO vil fylgja opp suksessen med annonser i

dagspressa og lokal - TV, men dei vil då konsentrera seg om visse områder av landet. Til nå har firmaet bestilt 2900 T-skjorter og 1000 videoar, men dei må betala store avgifter når dei sel produkta vidare. Firmaet har tilsett ein person for å vera med på pakking.

Olav Rossebø seier at dei har fått god støtte på prosjektet i Bokn. Elles er det i hovedsak folk mellom 18 og 35 år som har bestilt produkta. A & O VIDEO vil nå undersøkja om det er muleg å kjøpa einerett på andre norske filmar, og så distribuera dei på video, men også andre ting kan koma på tale.

A & O VIDEO takkar samarbeidsprtnarar i Bokn for god hjelp - det gjeld m.a. kulturstyret postkontoret og SR-bank.

SJØHUS OG HYTTER

Det har dei siste åra vore ein markert auke i tendensen til at folk som har sjøhus både i hamner og andre stader endrar bruken av desse. Dette kan ein konstatera ved å sjå at folk oppheld seg der i helger og feriar, at det kjem gardiner i vinduene og møbler og anna utstyr i romma.

Nokre gjer dette utan å søkja om bruksendring, andre søker. Nokre får godkjent bruksendring, andre får ikkje.

I ein del tilfelle har denne bruksendringa foregått over svært lang tid utan at det er søkt om dette. Når så bygningsrådet har behandla søknaden om bruksendring, har dei tatt hensyn til dei same faktorane som ein elles ville gjort ved søknad om oppføring av ny hytte. Likevel vil også dette at sjøhuset har vore brukt til hytte i lang tid utan at det har vore reagert, bli eit moment ein må ta hensyn til, særleg dersom bygningsrådet har kjent til bruksendringa.

Kanskje folk vil finna ut at den lettaste måten å få omgjort sjøhus til hytte er å

gjera dette "utan lov" ein del år, for så å få det godkjent p.g.a. at ingen tidlegare har gripe inn?

Ein kan vel også spørja seg om det alltid er så gale at folk tek i bruk sjøhusa sine til hytte. Når sjøhusa t.d. ligg i fiskerihamner, var det nok ikkje forutsetninga at dei skulle brukast til hytter den gongen dei fekk setja dei opp, og det fins vel fiskarar som held til i hamnene som kunne hatt bruk for tomta til si næringsverksemrd. Slik sett må det nok verka underleg på desse dersom folk får bruka sjøhusa til hytter i fiskerihamnene.

Likevel er det vel også positive sider ved dette. Dersom ein ved å ta i bruk sjøhusa til hytter eller anna verksemrd/næringsverksemrd utanom den opprinnelige bruken av eit sjøhus, vil ein ved å setja vilkår ved ombyggjing/vedlikehald kunna ta vare på bevaringsverdig bygningsmiljø. Det er også mange andre faktorar som utslepp m.v. som spelar ein viss rolle.

HAUGALAND FORSØKSRING

hadde årsmøte den 19. februar. Her vart Sigmund Alvestad frå Bokn attvald som formann.

Forsøksringen har 266 medlemmer frå kommunane Tysvær, Utsira, Haugesund, Karmøy, Sveio og Bokn. Frå Bokn er det 13 medlemmer.

Forsøksringen driv i stor grad med forsøksarbeid i jord- og hagebruk, og årsmeldinga for 1991 viser at det har vore

arrangert mange kurs og forsøksarbeid innafor dette feltet. Det dreier seg m.a. om forsøksarbeid i ugrasbekjemping, rundballensilering, kristtorndyrking, m.v. Av dei mange emna som har vore oppe på møta kan nemnast gjødselkurs, informasjon om plantevernkjemi, om dyrking av miljøfrukt,, om jordbærdyrking og mykje meir.



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE

4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 92/93

TILBODET ER STORT, OG SKULEN KAN NO TILBY :

- PIANO
- ELEKTRISK ORGEL
- KYRKJEORGEL
- TVERRFLØYTE
- KEYBOARD
- MESSINGBLÅS
- ASPIRANT TIL SKULEKORPSET
- POP-GRUPPE
- BARNEKOR
- UNGDOMSKOR
- VOKSENKOR
- TREKKSPER
- FELE
- FOLKEDANS
- DRAMA
- GITAR

KOMMENTARAR TIL EIN DEL AV AKTIVITETANE :

KEYBOARD

Keyboard - ein synthesizer med både innebygde rytmar og høgtalarar - er blitt veldig populært å spela på, og fleire og fleire skaffar seg 80- og 90-åras heime-instrument.

Viss du har - og ynskjer det, får du undervisning på ditt eige instrument. Musikkskulen har også eit av dei beste keyboarda på markedet i dag som sjølvsagt blir brukt i undervisninga, og som du av og til kan låna med deg heim.

Det blir ikkje lagt så stor vekt på notelesing og fingersetting, men du lærer m.a. å akkompagnera (kompa) deg sjølv og andre ved hjelp av AKKORDAR. Med bruk av RYTMAR og FORSKJELLIGE LYDAR får du - også som nybegynnar - kjensla av å styra eit heilt orkester. Det heiter at "keyboardet fylgjer deg". Når tida er moden for det øver me inn SOLOSTYKKER dvs. der du gjer alt sjølv.

Moderne keyboard kan det meste, og du får også undervisning i å GJERA OPPTAK - m.a. til PLAYBACK. Me driv også med IMPROVISASJON og KOMPONERING.

MESSINGBLÅS

Dette er m.a. eit tilbod for MESSINGBLÅSARAR I SKULEKORPSET som vil spela saman og læra meir utanom korpsøvingane. Undervisninga tar utgangspunkt i REPERTOARET TIL SKULEKORPSET, men me driv også ein del med TEKNISKE ØVINGAR og SPELING ETTER PLAYBACK. Vanlegvis er dette tilbodet gratis for musikantane.

Tilbodet går også til ENKELTELEVAR. Det kan vera elevar som vil satsa skikkeleg - der eit mål er å koma inn på MUSIKK-KONSERVATORIUM, eller elevar som føler at dei har behov for ekstrøving saman med lærar i tillegg til korps-spelinga.

ASPIRANT TIL SKULEKORPSET

Det er her dei fleste lærer å spela korpsinstrument, og då går barna vanlegvis i 2. eller 3.klasse. Ein 2. klassing har ikkje problem med å fylgja lærarverket som blir brukt.

BARN I 4.KLASSE OG OPPOVER KAN SJØLVSAGT OGSA BLI ASPIRANTAR - SKULEKORPSET TRENG MEDLEMMER !

UNDERVISNINGA GÅR OVER 1 ÅR.

INSTRUMENTET BLIR UTLEVERT RETT FØR SOMMARFERIEN ELLER VED OPPSTARTINGA TIL HAUSTEN,

Me tar også opp TROMMESLAGARAR, og dei same vilkåra gjeld for dei som hos ein MESSINGBLÅSE-ASPIRANT.

ASPIRANTUNDERVISNINGA ER GRATIS !

POP-GRUPPE

Meininga med dette tilbodet er å gi ei gruppe tilstrekkeleg opplæring slik at dei seinare kan starta opp for seg sjølve, viss dei vil. Dei viktigaste instrumenta i ei pop-gruppe er SONG, GITAR, KEYBOARD, BASS og TROMMER.

BARNEKOR - UNGDOMSKOR - VOKSENKOR

DET HAR VORE KOR I KOMMUNEN I 6 ÅR NÅ, OG TILBODET HELD FRAM.

DU bestemmer kva slags kor det blir. Akkurat no har me ungdomskor med "gamle" barnekor-medlemmer.

I eit lite bygdesamfunn er det ikkje nok folk til alle typar kor. DERSOM DU ER KOR-INTERESSERT skal du kryssa av i ruta til det koret du helst vil syngja i.

I eit UNGDOMSKOR (frå 6. klasse) syng me ein del pop-musikk av alle slag, men også songar frå musicals og annan kormusikk. Musikken blir ofte framført saman med musikarar.

NÅR DET GJELD VOKSENKOR (frå 7.klasse) SÅ FUNGERER DET BEST MED BLANDAKOR, OG OPPFORDRINGEN GÅR TIL ALLE MANNFOLK OG GUTAR OVER STEMMESKIFTET. Det fungerer også bra med DAMEKOR. I eit VOKSENKOR blir det framført eit VARIERT REPERTOAR.

Ellers håpar me på at me kan starta opp igjen med BARNEKOR. BARN T.O.M. 6.KLASSE ER MED I BARNEKORET.

TREKKSPEL

MUSIKKSKULEN HAR TREKKSPEL, så du treng ikkje ha dette kostbare instrumentet sjølv.

Du vel sjølv om du vil læra noter - eller berre spela "på øyra". UNDERVISNINGA ER PÅ KVELDSTID - ETTER AVTALE MED LÆRAR DANIEL THUESTAD. TA OGSÅ KONTAKT MED HAN FOR EV. SPØRSMÅL.

FELE

Denne undervisninga er FOLKEMUSIKKBASERT. Akkurat som i trekkspele-undervisninga blir det nytta mykje speling "på øyra". Du treng ikkje ha fele sjølv. Det er mogleg å låna, og musikkskulen kjem til å kjøpa inn feler dersom stor interesse. I undervisninga kan der nyttast både flatfele og hardingfele. EV. SPØRSMÅL KAN STILLAST TIL LÆRAR SIGMUND GRØNNESTAD.

FOLKEDANS

Ragna og Reidar Alvestad tilbyr folkedans (leikarring) for NYBEGYNNARAR.

ME HAR OGSÅ KONTAKT MED ELSE SUSORT OM M.A. FOLKEDANS FOR VIDAREGÅANDE, MEN OM DETTE KJEM I GONG TIL HAUSTEN ER IKKJE KLART I SKRIVANDE STUND.

EV. VIDAREGÅANDE FOLKEDANS TIL HAUSTEN BLIR KUNNGJORT I EIT SEINARE BYGDABLADE, MEN EG BER UANSETT OM AT INTERESSERTE KRYSSAR AV I RUTA FOR FOLKEDANS.

DRAMA

Her lærer du å bruka dei kreative evnene dine både for deg sjølv og andre. Vanlegvis jobbar me med eit skodespel mot ein framføring, slik som "DEN SJUENDE MOR I HUSET". Det er alltid ei rolle som passar for deg. Viss rolla ikkje er der, lagar me ei. Her brukar både lærarar og elevar kreativiteten på alle måtar !

Mange trur at du må både kunna syngja og dansa for å vera med. Dette er sjølvsagt ikkje tilfelle.

GITAR

HER TAR LÆRAR JAN SOLLID MOT FOLK SOM VIL LÆRA Å SPELA GITAR ANTEN ETTER NOTER ELLER BESIFRING. Det sistnevnte betyr at du akkompagnerer deg sjølv og andre ved hjelp av å lesa bokstav- og tal-symbol (akkordar).

Kort sagt bestemmer du sjølv korleis du vil læra å spele gitar. Det er også mogleg å seinare spela elektrisk gitar.

KVA KOSTAR DET ?

HALVÅRSSATSAR FOR ELEVBETALING

FRA 01.01.92

EINETIMAR ***** (30 min./veke) KR. 750

INSTRUMENTALGRUPPER //// (90 min./veke) KR. 500

KOR, FOLKEDANS, DRAMA (90 min./veke) KR. 350

***** Piano/el.-orgel/kyrkjeorgel/tverrflyte/keyboard/
trekkspel/fele/gitar

//// Messingblås/pop-gruppe/trekkspel-gruppe/fele-gruppe/
gitar-gruppe
(Ei gruppe vil seie 2 eller fleire.)


Som tidlegare år må eg gjera merksam på ventelister, og derfor
lønner det seg å vera tidleg ute viss du vil sikra deg plass på
noko !

Det er inga aldersgrense i musikkskulen. Ungar før skulealder kan
altså begynna. Viss du lurar på om tida er moden for aktivitets-
start for ditt barn, er me sjølvsgaht hjelsame i samband med
dette.

TA ELLERS KONTAKT MED MUSIKKSULEN VISS DU HAR ANDRE SPØRSMÅL.

FOR PÅMELDING KRYSS AV PÅ SKJEMAET NESTE SIDE OG
LEVER/SEND DET TIL MUSIKKSULEN.

Bokn 30.03.92


Jardar Havikbotn

- rektor -



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

Viss fleire i fam.
ynskjer plass, set
de kryss i den
aktuelle ruta bak
aktiviteten.

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 92/93

NAMN : 1. _____

2. _____

3. _____

4. _____

1. 2. 3. 4.

- PIANO				
- ELEKTRISK ORGEL				
- KYRKJEORGEL				
- TVERRFLØYTE				
- KEYBOARD				
- MESSINGBLÅS				
- ASPIRANT TIL SKULEKORPSET				
- POP-GRUPPE				
- BARNEKOR				
- UNGDOMSKOR				
- VOKSENKOR				
- TREKKSPEL				
- FELE				
- FOLKEDANS				
- DRAMA				
- GITAR				

SØKNADSFRIST : FREDAG 24. APRIL

BIBLIOTEKET

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : KL.10.00 - 13.30

ONSDAG : KL.16.00 - 19.00

TORSDAG : KL.10.00 - 13.30



LESETIPS FOR APRIL

BARN/UNGDOM

Impey/Porter:


Jons kafe

Lindskog/Morissey:

Buster på jakt

Stahl, Hilda:

Elisabeth forelsker seg
Elisabeth og feriemysteriet
Elisabeth i kjempetrøbbel
Elisabeth og de forsvunne
kjærlighetsbrevene



VAKSNE

James, Donald:

Huset Janus

Thorseth, Ragnar:

Eventyrer

Smith, Wilbur:

Elefantens sang

Hageselskapets grunnbok.:

Trivsel i hagen



KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

||

Rutejusteringer for Bokn

Fra 1. april justeres ferjeavgangene mellom Arsvågen og Mekjarvik.

I den anledning blir det enkelte justeringer av rutene på Bokn.

De nye
bussrutene
gjelder
f.o.m onsdag
1. april.

Bokn — Tysvær — Haugesund

	Mandag—fredag				Lørdag	Søndag
Loten	06.35s	07.50s	09.40x	—	08.15x	— —
ARSVÅGEN Ankomst ferje:	06.20	—	09.50	16.50	—	16.50 21.30
Arsvågen	06.40	—	10.00	17.10	—	17.10 21.30
FØRESVIK Ankomst hurtigbåt fra Stavanger	—	08.40	—	17.20	08.40	17.20 21.30
Foresvik Austre Bokn Susort Kårstø Tysværsvåg	06.48 06.53 07.02 	08.40 08.45 08.53 09.05 09.15	10.00b 10.10 10.15 	17.25 17.30 17.40 17.47 17.57	08.40 08.45 08.53 09.05 09.15	17.25 21.35b 17.30 21.40 17.40 21.50 17.47 22.02 17.57 22.12
Aksdal bussterminal Førre Haugesund	07.30 07.35 07.50	09.35 09.40 09.55	10.35 10.40 10.55	18.15 18.20 18.35	09.35 09.40 09.55	18.15 22.30 18.20 22.35 18.35 22.50

Haugesund — Tysvær — Bokn

	Mandag—fredag					Lørdag	Søndag
Haugesund (rutebilst.)	06.25	07.13	12.20	14.50	15.40	14.15	19.30
Førre	06.37	07.25	12.32	15.02	15.52	14.27	19.42
Aksdal bussterminal	06.42	07.30	12.37	15.07	15.57	14.32	19.47
Tysværsvåg	06.55		12.30a		16.15	14.50	20.05
Kårstø		07.52	12.48a	15.25a			
Susort	07.05	07.58	12.57	15.33	16.25	15.00	20.15
Austre Bokn	07.15	08.10	13.07	15.43	16.35	15.10	20.25
Foresvik	07.25	08.30	13.15	15.55	16.40	15.15	20.30
FØRESVIK Avg. hurtigbåt til Stavanger	07.35	—	—	15.55	—	15.55	20.40
Arsvågen	D	—	13.25	D	16.50	D	20.40
ARSVÅGEN Avg. ferje	—	—	13.40	—	17.10	—	20.40
Loten	07.50s	—	—	D	—	D	—

- a) Bussen kjører til Susort og korresponderer med buss til Foresvik/Arsvågen.
- b) Bil fra Foresvik korresponderer med buss fra Arsvoågen.
- c) Ruten kjøres via Arsvoågen.
- D) Dersom passasjerer.
- e) Buss til Arsvoågen korresponderer med bil til Foresvik.
- s) Skoledager.
- x) Bestillingsdrosje (Nf. 04- 74 85 54), må bestilles dagen i forveien.

Arsvågen — Foresvik

	Mandag—fredag				Søndag
Ferje fra Mekjarvik	06.20	09.50	13.20	16.50	21.30
Arsvågen Foresvik	06.40 06.48	10.00 10.10	13.25 13.35	17.10 17.20	21.30 21.40

Foresvik — Arsvoågen

	Mandag—fredag				Lørdag	Søndag
Foresvik Arsvågen	09.50 10.00	13.15 13.25	16.40 16.50	—	15.15 D	20.30 20.40
Ferje til Mekjarvik	10.10	13.40	17.10	—	16.00	20.40

D) Dersom passasjerer.

HAUGALAND BILLAG A/S

TELEFON 04- 71 46 88

12

ORIENTERING OM ALARMTELEFONAR I BOKN

Legevaktssentralen på Bokn sjukkestove åpna i november 91, og har fått tlf.nr. **748522**.

Viss du ringer dette nr. når du treng hjelp, kan du setjast direkte over til sjukepleiar, lege eller sjukehus.
Det er derfor viktig at du bruker dette telefonnummeret.

**VED SJUKDOM: RING TLF. 748522-SJUKEPLEIAR/LEGEVAKT
LIVSTRUANDE TILSTANDAR: TLF. 003**

BRANN skal meldast på tlf.nr. **001**, alternativt **721010**.
Meldingen går til brannstasjonen i Haugesund som varslar mannskapa i Bokn.

POLITI varslast på tlf.nr. **002** (vaktsentral)
Lensmann i Tysvær tlf.nr. **775480**


Helseetaten



Teknisk etat

NÅR DU ØNSKER:

- "INNESTÅENDE" PÅ KONTO.
- OPPLYSNINGER OM INNSKUDD OG UTTAK.
- OVERFØRE PENGER MELLOM EGNE SPARE- OG BRUKS-KONTI.
- VITE OM LÅN ER BLITT TRUKKET
- VITE OM LØNNEN ER GÅTT INN.



ALT DU TRENGER ER EN BANKOFONKODE SOM DU FÅR AV OSS, OG EN TASTAFON MED ★ OG # TONESIGNAL.

SR-BANKOFON

"ÅPENT" I BANKEN NÅR DET PASSER DEG



KULTURPRIS I BOKN

Bokn formannskap vedtok samrøystes i møte den 24. mars å tilrå at kommunen kvart år kan dela ut ein kulturpris.

Prisen skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Kulturprisen skal kvart år gjerast kjent ved oppslag, og skal delast ut av kulturstyret etter forslag frå kulturstyret eller andre. Tildelinga skal skje i samband med eit kulturarrangement om hausten.

Slik statuttene er utforma, vil ikkje prisen nødvendigvis bli delt ut kvart år. Prisen skal fortrinnsvis bestå av eit kunstverk og eit diplom til prisvinnaren.

Det var kulturstyret i forrige periode som starta debatten om innføring av kulturpris i Bokn kommune.

SPEIDERJOBBEN

1992

20 000 speidere over hele landet vil i perioden 21.april til 3. mai gjennomføre speiderjobben 1992. Speiderene vil gå ut i sine nærmiljøer og tilby sin arbeidskraft til inntekt for Speidernes katastrofefond.

Speiderjobben er et årlig samarbeidstiltak mellom Norges speiderforbund og Norges KFUK-Speidere. Katastrofefondet setter speider forbundene istrand til å gi hjelp når det trengsmest. Som følge av fjorårets innsats kunne speiderne gi en million kroner til Det norske Flykningeråds arbeid for kurdiske flyktninger.

Speiderjobbens ide er å gi norske speidere mulighet til å hjelpe andre barn gjennom ulike former for egeninnsats. På denne måten lærer speiderene å ta ansvar for mennesker verden over, og at dette krever praktisk handling fra hver enkel av oss.

Timebetalingen ved tradisjonell speiderjobb er kr. 15.-pr. time. Påbegynt time regnes som hel time.

Hvis det er noen som vil ha speiderne i jobb dette tidsrommet kan dere ringe:

LEIV:	TLF.	748423
MARIT:	TLF.	748575



KYRKJEBYGDA
VASSVERK

Hovedledningane vil bli spylt i veke 18 (27.04. - 30.04.) Det kan bli grums i vatnet mens arbeidet pågår.

TEKNISK ETAT

CAMPINGPLASS

PÅ BOKN?

Den nyopprettet tiltaksnemnda i kommunen har som oppgåve å leggja tilhøva til rette for det eksisterande næringslivet og nyetablerarar.

Ein mottok i fjar sommar ynskje frå mange reisande om campingplass i kommunen. Dette tykkjer me det bør gjerast noko med, og tiltaksnemnda har difor sett ned ei gruppe som skal arbeida for å få fortgang i etablering av ein campingplass. Denne gruppa inviterer nå til eit møte for interesserte. Ein vil der sjå om det kan vera muleg med slik etablering i kommunen. Vidare vil ein prøva å laga ein oversikt over tilskots- og støtteordningar for etablering, samt finna ut kva for løyve ein må ha frå kommunen for å starta opp. Seinare vil dei som er interesserte bli invitert på eit besøk på ein campingplass i distriktet der ein vil kunna få ytterlegare informasjon og idear.

Møtet vert på Allrommet på Boknatun den 9. april kl.19.

TILTAKSNEMNDA

BOKN ARBEIDARPARTI

OPE MØTE

Det vil bli ope medlemsmøte i Bokn Arbeidarparti onsdag 8. april kl. 19.00 på Allrommet i Boknatun.

Emne for møtet er strategi/handlingsplan for Bokn Arbeidarparti 1992/93. Fylkessekretær Kjell Sund vert med oss.
Velkommen
Kaffi

Helsing styret.

BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90
4290 BOKN



KULTURMIDLAR 1992

Alle lag, foreningar og enkeltpersonar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskot for 1992.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til kulturkontoret.

NB! Søknader som kjem inn etter fristen, kan ikkje rekna med å få stønad.

SØKNADSFRIST: 21. APRIL 1992.

Bokn kulturstyre

LAG OG ORGANISASJONER

NB!

Viktig melding til alle ideelle organisasjoner i kommunen:

I rammen av SKAP - prosjektet (omtalt i forrige bygdablad) er det mulighet for ideelle organisasjoner å få tildelt SKAP arbeidsplasser. Disse kan f.eks brukes til å styrke organisasjonens aktivitetsnivå, til sekretærfunksjoner og lignende. Det er viktig at det foreligger et reelt behov som kan forsvare en meningsfylt arbeidsplass. Flere organisasjoner kan f.eks. gå sammen om opprettelsen av arbeidsplassen, som fortrinnsvis bør være en heltidsstilling.

ta kontakt med prosjektleder for SKAP i Bokn kommune for nærmere informasjon.



BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50

Små privatannonser: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT I APRIL

- 01.04: Årsmøte i Bokn H-lag
kl. 19.00
- 03.04. Nybeg.kurs swing
- 04.04. Nybeg.kurs swing
(Arr: Bokn swingklubb)
- 08.04. Ope medl.møte Bokn Arb.
parti kl.19.00 på
Allrommet.
- 09.04. Campingplass på Bokn?
Nær.rådet arr. ope møte
kl. 19.00 på Allrommet.
- 29.04. Basar: Sjømannsforeninga



BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90
4290 BOKN

HELSE - OG SOSIALETATEN LEDIG STILLING

Ferievikariat nattevakt ved
Bokn sjukestove i vekene
21,25,26,27,33,34, og 35.

Henv. til pleie- og omsorgssjef
Gunn Grønnestad eller
oversjukepleiar Marie Løvoll
Faye innan 10. april.

xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx

Ledig vikariat for nattevakt
snarast og fram til 31.12.92.
Arbeid kvar 3. helg,
stillingssandelen er 21%.

Søknad sendes
Tilsetjingsutvalet. Bokn
kommune, 4290 Bokn, innan 10.
april.



- 12.04. kl.11.00:Fam.gudsteneste
v/ Bårdsen. Dåp.
Speidarane er med.
Offer KFUK/KFUM
- 16.04. kl.19.30:Skjærtorsd.guds
teneste v/Bårdsen.Nattv.
- 19.04. kl.15.00 NB! Høgtidsguds
teneste v/Bårdsen.
Offer Menighetsfakult.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsd.8.april.
Påmelding til sosialkontoret i
telefon 74 85 00.

LENSMANN

Lensmannen har kontortid i
Boknatun 1. fredag i mnd. kl.
10.00 - 12.00. Tlf. 74 85 00.
Elles vanleg kontortid Aksdal

tlf. lensm. Aksdal 77 54 80.

LEDIG STILLING

Ledig stilling som vaskehjelp
i SR-BANK på Bokn 5 t/v frå
01.05.92. Henvendelse i banken
eller tlf. 74 84 62.